

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE OM DETALJREGULERING AV TURVEG, AUKLANDSHAMN, SVEIO KOMMUNE

Prosjekt:	Detaljregulering for turveg - Auklandshamn, Sveio kommune
Type prosjekt:	Kommunal detaljregulering
Dato/klokkeslett:	08.10.2025 Kl: 09:00- 10:30
Stad:	ABO Plan & Arkitektur sine lokale, Torgbakken 9, Stord
Møtedeltakarar:	Fagkunnig: ABO Plan & Arkitektur v/ Kari Hilde Rommetveit og Vidar Vedå. Tiltakshavar: Sveio kommune v/ Andreas Ekrheim. Sveio kommune, eining for plan, eigedom, byggesak og landbruk: Bjarne Hetlesæter, Åslaug Nyhamn og Sunniva Hellebø.
Referent:	Sunniva Hellebø
Mellombels planID:	
Saksnummer:	2025/1555
Arbeidsnamn/plannamn:	Detaljregulering for turveg – Auklandshamn, Sveio kommune

Bakgrunn:

Det har over fleire år vorte jobba med å få realisert gang- og sykkelveg eller fortau langs fylkesvegen (fylkesveg 4984, Øklandsvegen), utan at det har ført til noko konkret. Det er difor no ønskje om å utarbeida detaljregulering for turveg i Auklandshamn i Sveio kommune. Bakgrunnen for prosjektet med turveg er å leggje til rette for at turvegen skal kunne nyttast som skuleveg som eit rimeleg og godt alternativ til fortau langs fylkesvegen. Dette vil gje skulebarna ein trygg skuleveg, og kan medføre at fleire barn går til skulen. Turvegen vil også verte brukt av turgåarar, og tiltaket vil vera positivt med omsyn til friluftsliv og folkehelse.

Planarbeidet vil bli utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar, Sveio kommune. Det har tidlegare vore halde oppstartsmøte for reguleringsplanarbeidet. Grunna skifte av nøkkelpersonar både hos konsulent og sakshandsamar vart det vurdert som føremålstenleg å gjennomføre eit nytt oppstartsmøte då planarbeidet framleis er i ein tidleg fase.

Skildring av planen (henta frå planinitiativet)

Planområdet er avgrensa med bakgrunn i skisserte traséar for planlagd turveg. Traséen for turveg følgjer enkelte stader etablert tursti i området, mens i andre parti vil ein finna ny trasé. Det skal etablerast stikkvegar til fleire bustadområde, og enkelte stader er ein ikkje heilt i mål med å finne beste trasé. I forslaget til planområde vil ein inkludera alle moglege

traséar. Det er lagt til 15 meter på kvar side av planlagde traséar, for å ha høve til justeringar i planarbeidet. I løpet av prosessen vil ein lande på trasé, og planområdet vil truleg verte redusert.

Planområdet vist i skisse med ønska plangrense utgjør om lag 291 daa. Hovudtraséen vil truleg vera mellom 4 og 5 km lang, med fleire påkoplingspunkt langs vegen.

Plansituasjon:

I gjeldande kommuneplan er planområdet i hovudsak sett av til LNF-føremål, med enkelte unntak:

- I den vestlege delen overlappar planområdet så vidt med eit område for spreidd busetnad (LNF spreidd bustad, SB-8).
- Ved Nyland går traséen gjennom eit areal avsett til bustadføremål (B-20 i gjeldande kommuneplan).
- I området ved Øklandsvågen overlappar plangrensa med bustadføremål i området kring Øklandsvegen.
- Rundt Auklandshamn skule overlappar planområdet med reguleringsplanen Stølen bustadfelt (planID 1979- 001), som også omfattar skuleområdet.
- I austre del ved Eikeland kyrkjestad, overlappar planområdet med areal avsett til offentleg/privat tenesteyting (O_9), og så vidt med bustadføremålet (B_47), som ligg på austsida av fylkesvegen.
- Planområdet overlappar òg med delar av reguleringsplanen Vestvik – gnr. 32, bnr. 7 m. fl., planID 2005003.

Det føregår ikkje planarbeid i området etter det kommunen kjenner til.

Møtereferat:

Dokumentasjonen som vart sendt inn i forkant av oppstartsmøte er tingingsskjema, kartutsnitt med framlegg til plangrense og planinitiativ.

Planinitiativ

Tiltakshavar orienterte om at politikarane har etterspurt eit alternativ til fortau i området. Fylkeskommunen har stilt seg positive til tiltaket. Det vart peika på at ein turveg kan medføre lågare kostnader samanlikna med bygging av fortau, samstundes som han vil bidra til å leie gåande bort frå bilvegen.

a) Tilrettelegging for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik

Tiltakshavar informerte om at det er halde eit folkemøte, og eit informasjonsmøte med skulen. Relevante organisasjonar var også invitert. Grunneigarar er involverte i prosessen og har hatt moglegheit til å stille på møte. Nokre har stilt seg positive, andre har uttrykt usikkerheit. Bygdalaget deltek i prosessen og turlaget har vore invitert, men førebels ikkje delteke aktivt.

Det vart peika på at jeger- og fiskeforeninga og dei to jaktvala bør involverast vidare. Det same gjeld Vestland fylkeskommune. Det vart òg nemnt at kapellet/kyrkja bør få høve til å uttale seg då planområdet ligg i nærleiken.

Det er ønskjeleg å halde eit nytt informasjonsmøte når planarbeidet har kome lenger, særleg for skulen og barna. Kven som skal ha ansvar for dette møtet blir avklart seinare.

Planarbeidet skal varslast i samsvar med føresegnene i plan- og bygningslova § 12-8. Varslingsliste for offentlege instansar og naboliste blir lagt ved referatet.

Det skal utarbeidast ROS-analyse for planen. Trafikktryggleik vil vere eit viktig tema for analysen. Ein del av planområdet ligg innanfor aksemdområde for snøskred. Det er ikkje vurdert som nødvendig å ta med kart over aksemdssona, men det må gjerast ei vurdering av risikoen for reell fare frå snøskred.

b) Blir planen omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing?

Konsulenten har gjort ei vurdering om at tiltaket er av såpass stort omfang at det fell inn under § 8 i konsekvensforskrifta, og at planframlegget såleis skal konsekvensutgreiast for enkelte deltema, men skal ikkje ha planprogram. Ut frå kjent kunnskap om området og planlagde tiltak er det vurdert at følgjande KU-tema vil vera relevante i planarbeidet:

- Naturmangfald inkl. myr og våtmark
- Friluftsliv, inkludert folkehelse og barn og unge sine interesser
- Naturressursar.

Kommunen støttar dei vurderinga konsulenten har gjort, med dei temaa som er peika på.

c) Er det naudsynt med andre utgreiingar og kven i så tilfelle skal utarbeida desse?

Naturmiljø skal kartleggast.

Dersom det i det vidare planarbeidet blir avdekka kulturminne eller verdiar knytte til kulturmiljø, vil desse bli vurderte og lagt til grunn for vidare arbeid.

d) Er det føremålstenleg med felles handsaming av byggjesak og plansak?

Temaet vart ikkje diskutert i møtet, men forslagsstillar har ikkje signalisert ei slik intensjon. Vidare er det enno ikkje avklart korleis den interne tekniske infrastrukturen skal organiserast. Det er difor naturleg å skilja plansak og byggjesak frå kvarandre.

e) Kva skal kommunen bidra med i planarbeidet?

Temaet vart ikkje diskutert i møtet. Kommunen vil likevel vere tilgjengeleg for fagleg rettleiing og oppfølging gjennom prosessen i tråd med vanleg praksis.

f) Er det behov for seinare dialogmøter mellom tiltakshavar og kommunen?

Kommunen oppmodar til å ta kontakt ved spørsmål som gjeld planarbeidet.

g) Overordna framdriftsplan for planarbeidet

Det blir vist til *vegen vidare* seinare i dokumentet for omtale av dette punktet.

h) Kven er kontaktperson hos tiltakshavar og i kommunen?

Kommunen sin kontaktperson er Sunniva Hellebø, rådgjevar for arealplanlegging. Forslagsstillar sin kontakt er Andreas Ekrheim. Fagkunnig sin kontakt hjå ABO Plan og Arkitektur er Kari Hilde Rommetveit. Det er dei kommunen/forslagsstillar i første hand vender seg til ved spørsmål om planarbeidet.

i) Er det aktuelt å stoppa planinitiativet etter pbl § 12-8, andre ledd?

Kommunen finn ikkje noko grunn til å stoppe planinitiativet og oppstart av planarbeidet.

Andre tema som vart omtala i møte

Fastsetting av plangrensa og tiltaket

Det vart uttrykt ønske om å avgrense planområdet mest mogleg for å unngå seinare utvidingar. Samstundes vart det peika på at det kan vere behov for å utvide plangrensa enkelte stader, særleg langs bilvegen, for å sikre tilstrekkeleg fleksibilitet i den vidare planlegginga. Ei mogleg utviding ved Lio, Mjånes og Nyland vart nemnd. Det bør vurderast å inkludere areal til parkering innanfor plangrensa for å vareta desse behova.

Val av trasé

Ved Langhammaren er det to moglege traséval: éin over Langhammaren og éin langs austsida. Ved traséen over Langhammar ligg det ein eksisterande tursti frå før, samt gode utsiktspunkt. Det må likevel gjerast nærare undersøkingar, særleg med tanke på hellinga ned frå toppen. For traséen aust for Langhammar finst det ein delvis opparbeidd veg i myrområdet, men området er meir skuggefullt.

Det var semje om å vidareføre begge alternativa i planarbeidet, då det per no ikkje er grunnlag for å lande eit val.

Ved Nyland er det beite, men ein kan legge seg i kanten og ved gamal traktorveg i staden for å krysse myra.

Oppbygging av vegen, lengdeprofilar, typiske snitt (særskilt der stien skal krysse våte parti eller i (side)bratt terreng).

Konsulent informerte om at to typar grunnforhold vert vurdert: blaut og fast grunn. Profilar for skjeringar må vurderast nærare. Det kan bli behov for bru enkelte stadar, og ein skal utarbeide detaljteikningar og prinsipp for desse. Det vart også diskutert korleis vegen skal krysse gjerde, og behovet for port eller ferist, og kvar ein må ha stengsel for dyr. Desse temaa vart oppmoda til å vurdere i planen.

Det vart diskutert kring breidda på traséen, og at det er viktig å identifisere dei brattaste partia og sikre at planområdet er tilstrekkeleg breitt til å kunne gjennomføre nødvendige tiltak. Ulik breidde kan vurderast, til dømes smalare trasé i bratte område for å redusere farten for syklende. Stigningsgrad og kurvatur bør tilpassast slik at traséen er trygg ved høgare fart. Vestvik-sida, samt Fabrikkvegen aust i planområdet vart trekt fram som noko utfordrande parti.

Kommunen oppfordra til å finne gode traséar/ tilpasse vegen med tanke på stigning. Vegen må også vere brei nok for brøyting.

Overgangar (systemskifte og kryssing av veg)

Det vart peika på behovet for å sikre gode overgangar der tursti går over i veg. Overgangar bør ikkje plasserast i svingar eller i område med dårleg sikt. Område ved Eikeland vart særskilt nemnt som ein stad der kryssing av veg må vurderast nærare.

Tilleggsqualitetar (rasteplassar, utsiktspunkt e.l.)

Tilleggsqualitetar som rasteplassar og utsiktspunkt utgjer ikkje ein betydeleg del av planarbeidet, men det er mogleg å synleggjere der slike tiltak kan vere naturlege å leggje inn i planen.

Det vart også informert om ein badeplass ved Mjånestjørna. Her kan det vere aktuelt å legge inn ein mindre avstikkar frå turstien, til dømes med ei sitjegruppe eller liknande tilrettelegging for å gjere området meir tilgjengeleg frå stien.

Tilhøva for parkering ved tilkomst(ane) til turvegen bør vurderast i planen, og evt. avklarast med aktuelle grunneigarar.

Handtering av overvatn

Overvatn må omtalast i planen. Det vart peika på at vurderingar må gjerast når ein ser på terrenget og i byggeperioden. Planen bør vise kvar tiltak kan vere nødvendige, med ei avveging av behov og omfang.

Universell utforming

Det går fram av planinitiativet at det ikkje vil vere mogleg å oppfylle krava til universell utforming på alle delstrekningar. I møtet vart det peika på at det er viktig å vere open om dette tidleg i prosessen, og å vurdere om enkelte delar likevel kan leggje til rette for betre tilgjenge, der forholda ligg til rette for det.

Landskaps- /terrengtilpassing

Konsulent påpeika at sjølv om traséen blir teikna og prosjektert i planfasen, vil det vere behov for lokal tilpassing ved bygging. Det bør vere rom for noko fleksibilitet i utføringa, då detaljert tilpassing til terreng er vanskeleg å fastsetje i ein tidleg fase.

Kommunen er positive til ei løysing der vegen ikkje er heilt fastsett i planen, men at planen tydeleggjer kor stor fleksibiliteten kan vere. Dette er viktig for å sikre at det er klart kor mykje traséen kan avvike frå den prosjekterte linja.

Revegetering etter terrenginngrep

Det blir lagt vekt på at terrenginngrepa skal vere så små som mogleg. Områda gror ofte raskt att av seg sjølv, og det er ønskje om å ta vare på stadeigen vegetasjon. Det er ikkje venta omfattande behov for revegeteringstiltak.

Veglys (Tidsstyring /sensor?)

Turvegen må vere lyssett for å oppfylle krav til skuleveg og trygg ferdsel. Det bør leggjast særleg vekt på å minimere lysforureining og å bruke insektvenleg belysning. Astrour vart nemnt som ein mogleg løysing for å ha lyset av om natta. Bevegelsessensorar kan by på utfordringar, mellom anna med tanke på hjort. Punktbelysning vart også nemnt som tiltak. Val av lyskjelder og detaljar blir handtert i detaljprosjekteringa, men det vert anbefalt å etablere overordna prinsipp for belysning tidleg i prosessen.

Renovasjon

Det vert ikkje sett opp søppelspann langs traséen, men dette kan vurderast ved behov. Søppelspann i enden av traséen kan vurderast, men vil krevje kommunal tømning. Det vart også føreslått å setje opp skilt som oppmodar til å ta med buss. Tiltaka kan nemnast i planen.

Rekkefølgekrav

Tiltakshavar informerte om at strekninga frå Lio til Stølen vil bli prioritert først, men heile turvegen blir regulert i same planprosess. I planen kan ein nemne om det er planlagt ulike byggetrinn.

Kulturlandskap

Det er ikkje registrert verdifulle kulturlandskap i Auklandshamn.

Grunnforhold, vegetasjon, topografi

Det vert lagt opp til nærare vurderingar gjennom synfaring i terrenget.

Naturmangfald (fauna, naturtypekartlegging, viltkartlegging)

Kartlegging av naturmangfald vil bli gjennomført.

Vassdrag (elver, bekkefar, nedslagsfelt m.m.)

Det ligg ei elv i planområdet som kan ha både låg og høg vassføring. Ei trebru er vurdert som mogleg løysing for kryssing. Risiko knytt til flaum vil bli vurdert i ROS-analysen.

Trong for tiltak av omsyn til landbruk/jordvern? (areal i drift, potensiale for drift, tilhøve til kommunen sin landbruksplan, ulemper for tilgrensande landbruksareal m.m.).

Det er to beiter i planområdet: eit ved Nyland og eit naturbeite ved Langhammar. Dei som driv beite i dag er positive til planen, men har uttrykt bekymring knytt til hund og sau. Skilting om bandtvang kan vere aktuelt.

Eigedomsinngrep, er eigedomstilhøva kartlagt? Usikre eigedomsgrenser? Medfører planen inngrep på andre sin eigedom? Er det inngått avtale i høve til inngrepa?

Planen vil røre private grunneigarar, og nokre av eigedomane blir nytta som beiteområde. Det er difor viktig å ha ein god dialog med grunneigarane, både dei som driv landbruk og dei som har bustadeigedomar i området.

Gardbrukarane skal kunne bruke turvegen til køyring med traktor i samband med drifta på eigedomane sine. Det må etablerast snuplassar der det er nødvendig for driftsmessig bruk.

Mellombels planID:

Me ber om at mellombels planID blir nytta i alle plandokument før planen er endeleg vedteken. Mellombels planID vil bli tildelt av kommunen.

Andre tema som ikkje blei omtala i møtet:

Målform

I Sveio kommune er det nynorsk som er den offisielle målforma, og difor har me ein forventning om at alle dokumenta som skal leverast er på nynorsk.

SOSI-fil

Me legg til grunn at plangrensa blir levert til kommunen i SOSI format. Feilfri kontrollfil skal følgja saman med SOSI-fila. Ber om at ei feilfri fil blir sendt til oss etter ev. justering, før eller parallelt med innsending av meldingstekst om oppstart av planarbeidet.

Vegen vidare

- Kommunen legg til grunn at «Startpakken for reguleringsplanar - Rettleiar for dei som utarbeidar reguleringsplanar i regionen», blir nytta i det vidare planarbeidet.
- Kommunen skal sende naboliste til planområdet og liste over høyringspartar som skal ha oppstartsvarsel. Slike lister vert sendt ut etter at referatet er godkjent og sakshandsamar har fått endeleg plangrense i SOSI-format. Oppstart av planarbeid skal annonserast både i Haugesunds Avis og i Vestavind i tillegg til på kommunen sin heimeside.
- Kommunen får tilsendt forslag til plangrense frå konsulenten. Det er per no lagt inn 15 meter på kvar side av traséen, men det vart peika på at ein moglegvis bør vurdere å ta med noko meir areal langs fylkesvegen.
- Konsulent lagar klar ei oppstartsmelding som vert oversendt kommunen.

Me ønskjer lykke til med planarbeidet!

Sunniva Hellebø

Rådgjevar arealplanlegging